

Kong Oscars gate 70

Kulturminnedokumentasjon

Del 1



Innhold

Kong Oscars gate 70	3
Miljøskildring.....	3
Bygningsskildring	4
Historia til bygningen.....	9
Kulturhistorisk kontekst	10
Jugendstilen.....	10
Arkitekten.....	12
Bygningstypen	12
Vurdering	13
Kjelder	14
Teikningar.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Fotodokumentasjon	17

Fredningsdokumentasjonen består av to deler:

DEL 1: Informasjon om eiegen og fotodokumentasjon av eksterioret.


DEL 2: Fotodokumentasjon av interioret (*unnateke offentlegheit*).

Denne rapporten er utarbeidd i 2017 av Fylkeskonservatoren, Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune, som vedlegg til fredningsforslaget for Kong Oscars gate 70. Der ikkje anna er nemnt er foto tekne av Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Dokumentasjonsvedlegget er revidert av Riksantikvaren hausten 2018.

Kong Oscars gate 70

Miljøskildring

Kong Oscars gate 70 ligg i det sørlege hjørnet av Hospitalsengen, eit lite område lengst søraust i den tettbygde delen av Bergen sentrum, mellom Kong Oscars gate i sørvest, Danckert Krohns stiftelse i nordvest, den bratte skråninga opp mot Skivebakken i nordaust og St. Jakobs kyrkjegard i søraust. Tre korte tverrgater går opp frå Kong Oscars gate til ein langsgåande gate i bakkant og dannar to heile og to halve kvartal. Husa her er reist i fleire utbyggingsetappar: nokre høgreiste murleigegardar i nyrenessanse frå kring år 1900, ein god del lågare hus i enkel jugendstil frå åra fram mot første verdskrigen, og nokre bygningar frå litt seinare på 1900-talet. Rikard Nordraaks gate er den søraustlege tverrgata, og den einaste som var fullt utbygd før 1914. Mellom denne gata og kyrkjegarden er det berre ein enkel husrekke, og Kong Oscars gate 70 ligg i nedste enden av denne. Huset har to gatefasadar, i tillegg til at baksida er fullt synleg frå kyrkjegarden. Rett overfor på andre sida av Kong Oscars gate er Zander Kaaes stiftelse, ein sosial institusjon frå 1700-talet. 150 meter lenger borte i gata ligg den gamle byporten Stadsporten.



Utsnitt av bykartet frå 1913, Kong Oscars gate 70 midt i utsnittet. Utbygginga av Hospitalsengen er her halvvogs ferdig. Kartet tilgjengeleg på <http://www.bergenskart.no/bergen/>

Bygningskildring

Eksteriør

Kong Oscars gate 70 er ein bygning av pussa tegl i to fulle etasjar, loftsetasje på høy knevegg og kjeller som er delvis synleg over bakken. Huset ligg på det lett spissvinkla hjørnet av Rikard Nordraaks gate og Kong Oscars gate; sjølv hjørnet på huset er avrunda. Taket er eit tegltekst skråtak, med møner på langs av dei to fløyene. Den nordaustlege endeveggen har branngavl mot nabohuset; den søraustlege endeveggen er frittstående, har valma tak og i austre hjørne eit tilbygd, tårnaktig trappeutbygg med avfasa hjørne og valmtak. Hovudforma på huset er variert med fleire karnapp og gavloppbygg.

Taket er tekt med glasert, mørkeraud tegl med flat profil og konkave riller (tysk nemning på denne typen er *Doppelmuldenfalzziegel*). Ytst på møna er små, butte metallspir i same farge, avslutta av ei kule. Tre piper av umåla puss, øvst ein krage som skrånar lett innover, under denne eit band av to skift teglstein. Alle pipene står øvst på takflata mot gardsplassen på fløya langs Rikard Nordraaks gate. I nedre del av takflatene mot Rikard Nordraaks gate og mot gardsplassen er moderne skråvindauga, sett i felt to og to. Avtrekkshetter og metallbeslaga på brannmuren og gavlane er raudmåla.

Kjellarmuren er av gråsteinsmur, med utvendig grov slemming som lar ein ana strukturen i muren. Kjellarvindauga er nesten kvadratiske, sett saman i felt to og to i akse med vindauga i etasjane over. På hjørnet er kjellarmuren ikkje boga, som veggen over, men skrått avskore. Veggflatene i resten av eksteriøret har ein rugla puss, ramma inn av vassrette og loddrette band – gesimsar og lisenar – som er glattpussa. Loftsetasjen har ein høg knevegg. Etasjeskillet mellom andre etasje og loftet er markert med ein blindbogeprise i lågt relieff. Takgesimsen har eit heilt enkelt, firkanta profil.

Vindaugsopningane i hovudetasje er sett rett inn i vegglivet, utan omramming, og vindauga i kvar etasje er plassert i aksar rett over kvarandre. Dei fleste vindauga er store og med kvadratisk form, med tre store ruter i nedre del, den midtarste litt breiare enn dei på sidene, og i øvre del ei samanhengande rekkje små ruter med ståande rektangulært format, skilt av tynne sprosser. Nokre stadar er det store vindauget erstatta av to eller tre eittfagsvindauga med smale murstykke mellom.

Fleire stader er det ornament bygd opp av naturstein og teglstein som er sett inn i murflata i dekorative mønster. Litt større steinar med grov ovalform dannar saman med mindre steinar mønster forma som ein ståande spissoval. Over vindauga i første etasje er ornament bestående av fire kvadratiske teglsteinar plassert 2x2 i eit kvadratisk, glattpussa nedsenka felt. Ved øvre hjørne av vindauga er korte horisontale band av to skift med tegl. Dessutan er det over vindauga i andre etasje og øvst i gavlane sett inn små muranker av stilisert barokktype, med to voluttar på kvar side.

Veggen mot Rikard Nordraaks gate har tre vindaugsaksar i jamn avstand. Vindauga til venstre er to breie eittfagsvindauga med eit smalt stykke mur i mellom; i aksa lengst til høgre i andre etasje er vindauget erstatta av eit stort ornament av steinar i fleire storleikar, forma som ein ståande oval.

Det avrunda hjørnet har ei rikare utforming. Veggflata er glattpussa. I kvar etasje er tre tettstilte enkeltvindauga, dei smale veggstykkja mellom dei er trekt litt ut av veggen og utgjær lisenar som går samanhengande gjennom begge etasjar og sluttar i blindbogeprisen. Mellom vindauga i første og andre etasje er eit relieffband forma i pussa: bølgljande band med

liggande ovalar, med ein liten stein i kvart felt; over det midtre feltet eit ornament av ein stor spissoval stein på høgkant flankert av mindre steinar. Hjørnet vert avslutta av ein gavlforma som ein trekant med avrunda spissar. Kanten av gavlen er markert med eit glattpusa band med bølgeforma underkant, i kvar ende utforma som ein stilisert volutt dekorert med ein ståande spissoval i relieff, krona av ein liten stein. Øvst i gavlen er eit muranker, under det eit trefagsvindaug med trekanta overkant.

Fasaden mot Kong Oscars gate har to vindaugsaksar. Den mot venstre har ei variert utforming: eit vanleg vindaug i første etasje, over det eit avrunda karnapp med eit trefagsvindaug, og øvst ei ark som er ein litt mindre variant av gavlen over hjørnet, med eit tilsvarande vindaug med trekanta topp. Karnappet er glattpusa og bunde saman med vindaugget under med eit glattpusa felt. Denne loddrette samanbindinga vert ført vidare oppover til arka gjennom eit lite sprang i veggflaten i kneveggen. Til venstre for karnappet er eit steinornament i kvar etasje, som mindre og enklare utgåver av ornamentet mot Richard Nordraaks gate.

Fasaden mot kyrkjegarden har ein brei vindaugsakse, i første etasje med eit boga karnapp med trefagsvindaug. Taket på karnappet er metallkledd og forma som et flattrykt kuppelsegment. Andre etasje har eit tofagsvindaug flankert av eittfagsvindaug; dei smale murstykkja mellom vindauga er trekt litt inn frå vegglivet. (Opphavleg var det her ein open altan.) Øvst er det ei ark lik arka mot Kong Oscars gate, med same type vindaug. Trappetårnet utgjer høgre side av fasaden mot kyrkjegarden. I den breie sida parallelt med veggen er dør og vindaug, som følgjer nivåa til trappereposa og derfor står i «halv» høgde samanlikna med resten av vindauga i huset. Inngangsdøra er tofløya, kvar fløy med kvadratiske fyllingar. Over døra eit tympanonfelt forma som ein høg, elliptisk boge, glattpusa og lett trekt inn frå veggflaten; i bogefeltet ein stor spissoval, ståande stein flankert av kvadratiske felt med kvar sin vesle stein. Første reposnivå har to eittfagsvindaug, kvart med eit lite tympanonfelt over med kvadratisk fordjuping i; veggen mellom vindauga er glattpusa. Øvste reposnivå har eit eittfagsvindaug med trekanta topp. Vindaugget stikk opp i blindboge-frisen, som er ført over vindaugget i ein lett bølgeforma boge.

Fasadesystemet med markert sokkel nedst og blindboge-frise øvst sluttar halvvegs inne på sideveggen til trappetårnet. Resten av veggen mot gardsplassen har ei enklare utforming – ei samanhengande flate med rugla puss og berre nokre få teglornament. Det er eit trefagsvindaug i kvar etasje, lik dei i gatefasadane, og elles vindaug i fleire mindre format, ei einfløya dør til baktrappa, med tredelt glasfelt i øvre del. Bak trappetårnet er ein nisje med skrå sidevegger i heile veggghøgda; i kvar etasje er nisjen fylt av ein luftebalkong av jern. Dørene ut til balkongane har glasrute i øvre del, som saman vindaug både på sidene og over dørene utgjer eit stort glasfelt.

Alle pussflatene er måla kremgule, kjellarmuren kvit, vindaugsrammer og ytterdører er mørkegrøne. Dei dekorative detaljane av raudbrun tegl og naturstein har sine naturlege fargar. Pipene er grå, truleg umåla puss.

Samanfattande karakteristik

Den arkitektoniske utforminga samanfatast som ei kompakt og regelmessig hovudform som samstundes er ganske samansett. Enkle hovudvolum er variert med karnapp, gavlar og utbygg, men desse stikk ikkje langt ut frå veggen, og dei avrunda, butte formene gjer at dei får preg av å gradvis veksa fram frå bygningen. Gesimsar og band er også i flatt relieff og bidreg til å bevare den enkle, slutta forma, men vert i staden framheva gjennom å vera

glattpusa, i kontrast til den rugla pussen på sjølve veggflatene. Volummessig vert arkitekturen slik eit samspel mellom einskap og mangfald.

Oppbygginga av veggene, med lågt relieff og store blanke flater, inviterer òg til å lesa arkitekturen som ein abstrakt komposisjon av geometriske former, rette og kurva liner. Gatefasadane er prega av ein subtil balanse mellom horisontale og vertikale liner, som nokre gonger er markert direkte gjennom gesimsband og lisenar, andre gonger indirekte gjennom rytmane i fasadeelementa. Den same balansen går også att innanfor dei enkelte delane, til dømes i dei store vindauga: innanfor den kvadratiske hovudforma er alle enkeltrutene ståande rektangel, som vert balansert av den markante horisontale tverrsprossa, og også av dei små teglstripene ved øvre hjørne av vindaugget, som aksentuerer den rette overkanten. Mot kyrkjegarden og gardsplassen har huset eit anna uttrykk; her er både bygningskroppen meir plastisk og vertikalane meir dominerande.


Eit spel av regularitet og variasjon finn ein òg i dei ulike elementa i veggflatene. Vindauga i fasadane er i hovudsak av same format og i står i jamn takt i store samanhengande veggflater. Men nokre vindaug er erstatta av karnapp, eller ornamentfelt, eller eit stort vindaug er delt opp i fleire tettstilte enkeltvindaug. Karnappa og gavlane er av liknande, men ikkje heilt identiske, former, og er stilt saman i ulike kombinasjonar. Mønstra av stein er ulike variasjonar over eit hovudtema: ein ståande oval som ein finn att både i fasongen på dei største steinane, og i heile ornamentet. Fleire element kan lesast på fleire måtar samstundes: dei samanstilte vindauga kan oppfattast som eitt enkelt eller fleire separate vindaug; det avrunda hjørnet over ei rett avskoren kjellarmur kan lesast som eit til karnapp; den eine skrå sideveggen i nisjen med luftbalkongane er samtidig ein av sidene i det åttekanta trappetårnet. Blindbogebrisa kan saman med takgesimsen og veggflata mellom dei til saman lesast som ei tredelt, klassisistisk bjelkeverk (arkitrav-frise-gesims). Variasjonar over nokre grunnformer pregar også detaljane: ovalar finn ein att både i steinane, i steinornamenta, og i relieffbandet på hjørnet; små kvadrat finst både som enkelttegl, teglornament og felt i pussen; bølgeformer finst det òg fleire variantar av.

Det finst få direkte sitat frå den eldre arkitekturhistoria, men mange detaljar kan sjåast som meir eller mindre abstraherte eller omforma utgåver av historiske arkitekturelement. Dette gjeld til dømes blindbogebrisa, tympanonfelta på trappetårnet, eller dei små teglstripene ved øvre hjørne av vindauga. Nokre detaljar kan også bera på assosiasjonar utanfor den gamle arkitekturarven. Dei kvadratiske teglsteinane er nærliggjande å sjå som ein referanse til austerriksk arkitektur i samtida, medan ornamenta med spissovale steinar er meir mangetydige. Dei berre grovt tilhogde steinane peikar kan hende meir direkte mot naturen, eller dei kan sjåast som arkitekt-kunstnarens eigen signatur.

Interiør

Huset romma opphavleg to bustader, ein i første etasje og ein som opptok andre etasje og loftet. Begge hovudetasjane var bygd opp på om lag same måte, med stover og soverom langs gatefasadane, og gang, kjøkken, bad og trapper mot gardsplassen. På loftet låg dei fleste soveromma samt badet til bustaden i andre etasje. I kjellaren var det bodar og felles rom for vask, klestørk etc. Hovudtrekka i planløysinga, med romsekvensen gang-stove(r)-spisestove-kjøkken-gang, finn ein ofte i middel- og overklassebustadar frå første halvdel av 1900-talet. Planløysinga vart til ein viss grad avspegla i eksteriøret, m.a. gjennom nokre av variasjonane i vindaugsform og -plassering. Dei innvendige detaljane var truleg teikna av

Schou. Dei hadde til dels eit jugendpreg, men bortsett frå i trapperommet utan direkte likskap med eksteriørdetaljane.



Planteikning av første etasje som opphavleg bygd. Einar Oscar Schou, april 1910. Bergen byarkiv

I dag, etter rehabilitering i 2011-13, er det seks bustadar i huset – to i kvar hovudetasje og to på loftet. Særleg i hovudetasjane er dei fleste av dei opphavlege innerveggene bevart, og tilpassinga til ny bruk er i stor grad gjort ved å dela opp ein del av dei opphavlege store romma. Av gamle interiørdetaljar er m.a. bevart fleire himlingar.

Hovudtrapperommet er det best bevarte interiøret. Det fyller heile det tårnliknande utbygget på søraustgavlen og har innvendig ei sjukanta form – ein åttekant med eitt rettvinkla hjørne. Trappa opptek nesten heile rommet. Frå hovudinngangsdøra går ho ein halv etasje opp til inngangsdøra til første etasje, og så vidare i ein venstrevridd spiral med trappevangar parallelt med ytterveggene. trappa er av tre og har eit gelender med ståande spiler. Desse er av to variantar, som vekslar i takta 2:1, men alle har vekselvis firkanta og rundt snitt, med profiler på dei runde delane. I endene og nokre andre stader til er gelenderet støtta av meklarar forma som høge firkanta stolpar med abstrakte jugendprega ornament på øvre del, m.a. ståande ovalar med stiliserte blomeornament. I øvre del av trappa, mellom andre etasje

og loftet, er det opne rommet midt i trappa lukka av veger av ståande panel med dobbelstaffprofil. Veggene er pussa, med glattpussa rammer rundt ledd nedsenka felt med ujamn puss. Dørene har profilerte gerikter. Over øvste del av trappa er eit pussa skråtak. Undersida av reposit har staffpanel. Golvet ved inngangsdøra har kvadratiske fliser av to typar lagt i mønster: store raude flisar og mindre blå/kvite med abstrakte ornament. (Det same golvmønsteret er vist på originalteikningane av huset.)

Gardsplassen

Den søraustlege delen av eigeiomen, mellom huset og eigeiomegrensa, er ein gardsplass. Mot gata er gardsplassen avgrensa av ein rundt 2 m høg mur med same karakter som grunnmuren på huset. Muren er tekt med taktegl lagt som eit lite saltak. I muren er ei portopning, som hadde ei tofløya smijernsport med jugendornament. Denne porten, som var teikna av Schou, forsvann under rehabiliteringa av huset. Den sørlegaste delen av muren har i staden for takstein eit kort stykke med jernstakitt. Dette murstykket ligg inne på kyrkjegarden sin eigeiome.



Det eine portbladet til den opphavlege porten til gardsplassen

Mot kyrkjegarden er ein mur av tukta, stor gråstein i jamne skift, litt lågare enn muren mot gata. Mot naboeigeiomen Rikard Nordraaks gate 1 er ein lågare gråsteinsmur. Begge desse murane ligg inne på naboeigeiomeane, med murliv i eigeiomegrensene.

Gardsplassen har dekke av fleire typar. Frå porten mot gata og vidare langs muren mot kyrkjegarden går eit band av kvadratiske og sekskanta hellefliser lagt i geometrisk mønster. Langs sideveggen av trappetårnet er ei smal stripe av same type. Resten av gardsplassen, i vinkelen mellom fløyene, er lagt med skiferheller, dei fleste tukta til ei regelmessig firkanta form. Langs murane mot naboeigedomane, samt langs sideveggen på trappetårnet utanfor feltet med steinfliser, er smale bed. Det er uvisst kor gammalt helle/flisdekket er.

Historia til bygningen

Eigedomen Kong Oscars gate 70 ligg i eine hjørnet av Hospitalsengen, ei ope mark som frå langt tilbake i tid høyrde til St. Jørgens hospital på motsett side av Kong Oscars gate. Den kraftige byveksten på slutten av 1800-talet førte m.a. til at mange slike opne område innanfor den eldre bystrukturen vart bygde ut. I 1897 vart Hospitalsengen selt til overretts sakfører Kristen Faye og Jørgen Faye og kort etter regulert med eit tidstypisk, rett vinkla gatenett. Tomta for nr. 70 vart skilt ut 1899 og selt via to mellomledd til byggmeister Henrik Jensen. I 1906 var tomta selt attende til sakfører Faye for kr. 1.000 på tvangsauksjon. 22.2.1910 fekk Andreas Falkenberg auksjonsskøyte på eigedomen for kr 6.500. Han må raskt ha gått i gang med å byggja: ein første versjon av teikningane av huset er datert februar 1910, medan teikningar frå april same år viser den endelege fasadeutforminga. Ved folketeljinga som vart gjort 1. desember 1910 budde ingeniør og disponent for metallvarefabrikk R. C. Blichfeldt i første etasje med kone, barn og tenestepiker; i andre etasje og på loftet budde Andreas Fredrik Falkenberg, direktør i Bergens elektriske sporvei med familie og tenestepiker. Dette vitnar om eit hus med to fornemme bustader, den øvste og største for huseigaren sjølv, og med 13 bebuarar i alt. 25.11.1912 vart det tinglyst ein leigekontrakt frå Falkenberg til enkefru Schmidt for fem rom, kjøkken m.v. for tre år. Falkenberg selte huset den 11.12.1913. Etter fleire eigarskifte kjøpte Robert Mohn-Olsen huset i 1918. Han vart buande her lenge; ifølgje adresseboka for 1958 var bebuarane hovudbokhaldar Johan Eknes med kone, og skipsreiar Robert Mohn-Olsen med kone, kontordame og hushjelp. Det opphavlege mønsteret, med ein velståande huseigar som sjølv budde i den eine bustaden, og ein leigetakar i den andre, heldt seg altså lenge.

Eigedomen vart i 2002 kjøpt av eit eigedomsselskap som ønska å gjera større endringar, m.a. tilbygg, men fekk avslag. I mellomtida vart huset ståande til forfalls, med det meste av innreiinga fjerna. I 2009 gjekk fylkeskommunen til mellombels freding for å sikra huset. Den vidare rehabiliteringa skjedde i samråd med fylkeskommunen, og gjekk ut på istandsetting av tak og vegger, restaurering av gamle vindauge og tilbakeføring av vindauge som var skifta ut, nye takvindauge, tilbakeføring av enkelte interiørelement, og innreiing av seks bustadar med nye skiljevegger, bad og kjøkken. Arbeidet vart utført i perioden 2011-13, eigedomen seksjonert og selt til dei nye bebuarane.



Kong Oscars gate, med nr. 70 i venstre kant, på 1910- eller 1920-talet. Foto: Ralph L. Wilson, Universitetsbiblioteket i Bergen

Kulturhistorisk kontekst

Jugendstilen

Stilistisk kan Kong Oscars gate 70 karakteriserast som jugendstil med særleg preg av den austerriske varianten av stilen. Som ei distinkt retning innan arkitekturen oppstod jugendstil eller art nouveau i Belgia tidleg i 1890-åra og spreidde seg raskt utover Europa. Samtidig dekker nemninga fleire samtidige tendensar med slektskap i bakgrunn, idear og former. Jugendstil/art nouveau er karakterisert som «like mykje ei haldning og ein reaksjon mot noko som eit klart stilspråk» (*Norsk arkitekturhistorie*). Ein grunnleggjande tanke er motstand mot «stilkopiering» og eit ønske om frigjering frå periodestilane. Dette kan ein prøva å få til ved ulike verkemiddel: rasjonell bruk av dei ulike byggemateriala med vekt på deira eigne materialeigenskapar, inkludert utstrakt bruk av jern og glas, ei funksjonsbasert organisering av bygningen, bruk av naturen som urkjelde til ornamentale former, vekt på kunstnarleg kvalitet i alle ledd og arkitekten som fritt skapande kunstnar. Bak retninga finn ein òg impulsar m.a. frå Arts and Crafts-retninga i Storbritannia, den franske arkitekten Viollet-le-Duc, og ei generell symbolistisk tendens i tidas åndsliv. Karakteristiske motiv er glidande, planteaktige former, ofte ein plastisk utforming av bygningskroppen med mjuke former, samansmelting av ornament og bygning, asymmetri, fråver eller sterk abstraksjon av klassiske former og detaljar, gjerne markant bruk av jern og glas, og bygningar utforma som altomfattande kunstverk, der arkitektur, interiørdekor og laust inventar kan utgjera ein heilskap. Desse ideane og formene opptrer i mange ulike kombinasjonar, og jugendstilen står fram som eit mangfald av nasjonale og regionale stilar.

I Austerrike var kunstnargruppa Wiener Secession oppteken av kunstnarleg fridom og opponerte mot det rådande konservative kunstsynet. Dei arkitektoniske utløparane av secessionist-rørsla kan sjåast som ein variant av jugendstilen, men med til dels markante skilnader frå det organiske preget i den belgisk/franske art nouveau-stilen. Arkitekten Otto Wagner og hans rasjonalistiske arkitektursyn var viktig for den nye austerriske arkitekturen; meir ålment kan sporast ein tendens mot abstraksjon og forenkling frå eit

utgangspunkt i meir konvensjonell nybarokk og ny-louis-seize. Resultatet var bygningar dominert av rette linjer, plane flater, og ein måtehalden bruk av ornamentikk. Denne var i stor grad bygd på reine geometriske former som kvadrat og sirkular. Josef Hoffmann og Joseph Maria Olbrich var her dei mest sentrale arkitektane.

Også i Noreg var eit oppgjær med historismens mange ny-stilar og det ein oppfatta som ein framand, tyskprega arkitektur merkbar rundt år 1900. Ønsket om ein meir nasjonal arkitektur vart også tydeleg, og den etterreformatoriske arkitekturen i Noreg vart oppdaga som viktige førebilete. Både arven etter 1800-talets historisme, mangfaldet av nye idear, og synet på arkitekten som ein fri skapande kunstnar, skapte eit arkitektonisk mangfald som ofte er vanskeleg å klart definera stilistisk. I tida mellom hundreårsskiftet og første verdskrigen kan jugendstilen skiljast ut som ein tendens i arkitekturen, men samstundes med glidande skilje mot andre stilretningar. Avsluttinga av jugendperioden artar seg langt på veg som ei gradvis overgang mot nordisk nybarokk og ulike lokalt eller regionalt inspirerte stilar. Dei historiske førebileta vert tydelegare, men dei vert ofte brukt på ein friare måte enn under 1800-talets historisme.

Ein av dei tidlegaste og mest gjennomførte jugendbygningane i Noreg er Historisk Museum i Oslo, teikna av Henrik Bull og oppført 1898-1902, der både volumbehandling og detaljering, eksteriør og interiør er prega av dei mjuke kurvane til jugendstilen. Regjeringsbygningen av den same arkitekten er eit anna hovudverk, som med fasadar kledd med grovhogd granitt og dekor inspirert av norsk mellomalderornamentikk viser andre karakteristiske trekk i norsk jugendarkitektur. Den største konsentrasjonen jugendhus i Noreg er Ålesund, der heile bysentret vart gjenreist etter bybrannen i 1904 av arkitektar frå mange kantar av landet. Også Trondheim har mange jugendbygningar av m.a. Johan Osness, Karl Norum og Gabriel Kielland. Den sistnemnde teikna nokre hus i ein rettlinja, stram stil med austerrisk preg, som skil seg ut frå det mesta av jugendarkitekturen i landet.

Som i Oslo var Bergen prega av relativt låg byggjeverksemd dei første åra etter 1900, men likevel finst det ein del jugendbygg spreidd rundt i byen, både bygardar, villaer og andre typar bygningar. Samstundes var jugendstilen ein av fleire nye arkitekturretningar. Eit av dei viktigaste byggjeforetaka i Bergen i desse åra, den nye Bryggefronten av mur (reist frå 1903 og utetter), viser ein fri, abstraherande historisme med «hanseatiske» referansar, medan trearkitekturen i aukande grad var prega av «Bergensstilen» med tydelege førebilete i den lokale byggjeskikken på 17- og tidleg 1800-tal. Eit av dei første husa med tydeleg jugendpreg er Foreningsgaten 1 frå 1902-03, ein bygard teikna av Jens Z. M. Kielland. Mykje av fasadeornamentikken er blomar forma i relieff i pussen. Kurva former går att i det bua hjørnet, gavloppbygg på begge fasadane og i forma på mange av vindauga. Elles er fasadeoppbygginga i hovudsak regelmessig og rettvinkla, og med sparsam dekor av ulikt opphav: forutan blomeornamenta både louis-seize-prega guirlander og innrissa rette linjer. Pussbruken er variert, med både glatt, rugla og rifla overflater. Fleire andre bygardar har mykje av det same preget: ganske regelmessig oppbygde fasadar, med avgrensa bruk av abstraherte klassiske former, særleg i vindaugsomrammingar og gesimsar, og blomeornament i relieff som ein vanleg type dekor. Det same gjeld fleire av pakkhusa i C. Sundts gate, bygd frå ca. 1905 og utetter. Forutan Kielland var Einar Oscar Schou, Daniel Muri og Egill Reimers sentrale jugendarkitektar i Bergen.

I Henrik von Achens tolking er seinfasen av jugendperioden i bergensarkitekturen, frå ca. 1909 til 1914, prega av den «stillause stilen», ein overgangsform mellom jugend og nybarokk med eit visst overordna jugendpreg, men med få detaljar og sparsam dekor. Både tradisjonelle stilornament og eksplisitte jugenddetaljar er få eller heilt fråverande. Fasadane

har ofte variert pussbruk og delt inn av lisenar og gesimsar. Vindaugsplasseringa er gjerne asymmetrisk og funksjonsbestemt, m.a. er det vanleg at trappeoppgangane er markert med vindaug som bryt med etasjeinndelinga elles. Dette formspråket finn ein særleg ofte på mindre leigegardar, m.a. mange av husa på Hospitalsengen.

Arkitekten

Einar Oscar Schou (1877-1966) var fødd i Kristiania og gjekk der på Den Kgl. Tegneskole, før han fullførde arkitektutdanninga på kunstakademiet i Stockholm. I 1904 vann han konkurransen om ny teaterbygning for Den Nationale Scene i Bergen. Det førte til at han flytta til Bergen, og her vart han buande resten av livet. Schou framstår som ein av dei viktigaste arkitektane i Bergen dei neste tiåra, og fram til andre verdskrigen hadde han ein rik og variert produksjon som omfatta m.a. forretningsbygg, bustadhus, villaer og industrianlegg. 1935-51 var han direktør for Bergen kunsthåndverkskole. Teaterbygget, reist 1906-09, er prega av tysk-austerrisk jugendstil og reknast som det fremste dømet på denne retninga i Noreg. Den går igjen i andre prosjekt frå dei neste åra, etter kvart med tydelegare trekk frå nordisk nybarokk. Nyklassisistiske tendensar kan sjåast i fleire bygg frå 1920-åra, mens han det følgjande tiåret også arbeidde i ein forsiktig funksjonalisme. Parallelt med dette teikna Schou anlegg med førebilete i eldre bergensk arkitektur. Her følgjer han hovudretninga i arkitekturutviklinga; samstundes viser bygningane hans – kanskje særleg i dei tidlege fasane – eit tydeleg personleg preg som m.a. kjem til uttrykk i karakteristiske detaljar. Inspirasjonen frå austerrisk arkitektur rundt hundreårsskiftet er også sterkare hos Schou enn hos fleirtalet av norske arkitektur i samtida. Utdanninga hans i Sverige, der kontakten med arkitektmiljøet i Wien var større, er truleg ein del av bakgrunnen for dette.

Bygningstypen

I Bergen var murhus blitt gradvis vanlegare på andre halvdel av 1800-talet, i takt med at det vart innført påbod om murhus (murtvang) i stadig større delar av byen. Frå 1899 var heile sentrumsområdet underlagt murtvang. I hovudsak var murtvungen motivert av ønsket om ein meir brannsikker by. Også i ein del andre byar fekk murtvang i sentrumsområda i dei siste tiåra av 1800-talet, og etter bybrannen i Ålesund i 1904 vart det innført full murtvang i samtlige norske byar; berre i spredtbygde villastrok kunne det byggjast i tre. Bergens bygningslov frå 1899 hadde innført strengare krav på mange område knytt til byggjeverksemda, som m.a. i praksis gjorde det naudsynt med ein arkitekt til å planleggja bygningen. I 1908 ble det lempa på ein del byggtkniske krav for murhus lågare enn tre etasjar, truleg for å stimulera til auka husbygging etter fleire år med dårlege konjunkturar i byggjenæringa. M.a. vart bjelkeberande innerveggar av tre igjen tillate. Det førte til at 2,5 etasjars murhus, vanlegvis med ein eller to bustadar i kvar etasje, vart ein vanleg bygningstype dei følgjande åra.

Funksjonsmessig er huset ein liten leigegard med berre to bustadar. Frå langt tilbake i tid hadde det vanlege byhuset både i Bergen og i andre byar vore eit hus brukt og eigd av ein husstand. Med byveksten på 1800-talet vart leigegardar, med mange bustadar som vart leigde ut, den dominerande hustypen. I ein mellomfase rundt midten av 1800-talet var hus med ei bustad for eigaren og nokre få utleigebustader – vanlegvis ein i kvar etasje – ganske vanlege i Bergen, og slike hus vart bygde også fram mot hundreårsskiftet. Kong Oscars gate 70 høyrer til denne typen og er truleg mellom dei aller siste slike husa som vart bygd i den tettbygde bykjernen. Byggherren var som sporvegsdirektør ein representant for den nye

storborgarskapen, breiare samansett enn før, som vaks fram gjennom moderniseringa av samfunnet frå midten av 1800-talet. Denne urbane overklassen rundt år 1900 kunne bu til leige i luksusleigegardar eller i sjølveigde forstadsvillaer, og Kong Oscars gate 70 kan seiast å vera ein mellomform mellom desse måtane å bu på.

Vurdering

Kong Oscars gate 70 er på same tid er både karakteristisk for tida det vart reist i, og samstundes eit uvanleg og særprega hus. Det tidstypiske ligg både i bygningstypen, eit mellomstort byhus bygd i mur som romma fleire bustadar, og i ei arkitektonisk utforming som kan karakteriserast som jugendstil. Eigenarten ligg først og fremst i den arkitektoniske utforminga. Den austerrisk prega, «geometriske» jugendstilvarianten i eksteriøret er sjeldan i norsk samanheng, og synast òg å vera prega av arkitekt Schous eige personlege formspråk. Slik sett er det eit tydeleg vitnesbyrd om tidas syn på arkitekten som ein fri, skapande kunstnar. Det er også eit arkitektonisk særst raffinert eksteriør som både i volum, fasadekomposisjon og detaljering er bygd opp av variasjonar over tema, ein manieristisk leik med elementa, og med eit gjennomgåande «tvisyn» der enkeltdelane kan lesast på fleire måtar.

Særpreget består òg i ein litt uvanleg tomtesituasjon, som gjorde at også der også baksida av huset vert eksponert og den eine endegavlen måtte få ei fasademessig utforming. Plasseringa av inngangen i eit tårnaktig trappehus på den frie gavlen er ein kreativ, men samstundes logisk løysing på dette. Frå den eine sida verkar huset som eit vanleg hjørnehus, frå den andre som ein tilnærma frittstående bygning med ein friare volumsamstilling og ein viss monumentalverknad. Sett frå denne sida dannar huset ei avslutting av den samanhengande tettbygde byen, og dette gir det større innverknad i bybiletet enn storleiken i seg sjølv skule tilseie.

Eksteriøret er særst godt bevart. Den einaste større endringa er at altanen på den fire gavlveggen er bygd inn, ved at det er sett inn vindauge i opningane. Dette kan ikkje seiast å ha nokon større innverknad på det arkitektoniske uttrykket. Dei fleste vindauga er dei opphavlege, og dei som er skifta ut, vart ved seinaste istandsetting før tilbake til opphavleg utføring. Det same gjeld andre utvendige detaljar.

Innvendig er det først og fremst hovudtrapperommet som har eit direkte arkitektonisk slektskap med eksteriøret, ved at mange av detaljformane går att også her. Resten av interiøret synast ikkje å ha hatt det same preget av heilskapleg og personleg arkitektonisk kunstverk, og at det er mykje endra får difor mindre innverknad på dei arkitektoniske verdiane sett under eitt.

Kjelder

Bækken, Ingfrid: «...Ham selv til hæder, alle bergensernes øine til glæde...». Einar Oscar Schous arkitektur 1900-1915, Bergen 1998

Slaattelid, Ingerid Elisabeth: Daniel J. Muri (1879-1957). Mellom jugend og nybarokk. En analyse av arkitektens bygninger i perioden 1904-1924, Bergen 2007


Bergens adressebok 1958

Norsk kunstnerleksikon 3, Oslo 1986

Panteregister for Bergen A.d.D.26, f. 144f, tilgjengeleg på <http://arkivverket.no/Digitalarkivet>

Folketeljing for Bergen 1910, tilgjengeleg på <http://arkivverket.no/Digitalarkivet>

Bergen byarkiv: arkiv etter arkitekt Einar Oscar Schou, BBA A-2107





Schous første fasadeprosjekt frå januar 1910, mindre jugendprega og enklare i detaljeringa enn det som vart realisert. Bergen byarkiv

Teikningar



Fasadeteikningar som bygd. Einar Oscar Schou, april 1910. Bergen byarkiv



Planteikningar etter rehabilitering 2011. Alliance arkitekter



Prosjektnr.: 2010	Tegningsnr.: A.2010.904	Dato: 10.08.2011
Type tegning: 3.etasje	Målestokk: 1:100	A4

Tilbehøver:
VICO Eiendom AS
Rosenkranz gaten 5, 5003 Bergen

Skisseprosjekt:
Kong Oscars gate - rehabilitering av leiligheter
Kong Oscars gate 70, 5018 Bergen, G/Bnr: 166/551

alliance
arkitekter

kristian.augustin.gate 13 D164 oslo
t: +47 22 36 40 44 f: +47 22 36 40 45
e: post@allark.no www.allark.no

Fotodokumentasjon



Miljøet sett fra sørvest.



Miljøet sett fra vest. Til venstre Richard Nordraaks gate, til høyre Kong Oscars gate.



Miljøet sett fra søraust.



Fasade Richard Nordraaks gate.



Detalj av fasaden mot Richard Nordraaks gate, med ornament av tegl og naturstein



Hjørnet mot
krysset Richard
Nordraaks
gate/Kong Oscars
gate



Fasaden mot
Kong Oscars gate



Hjørnet mot Kong
Oscars gate/St.
Jakobs kyrkjegard



Fasaden mot St.
Jakobs kyrkjegard



Inngangsdør



Gardsplassen sett
frå St. Jakobs
kyrkjegard



Luftebalkongane som vender mot gardsplassen.



Detalj av veggen mot gardsplassen, med dør til baktrappa.



Dekket på
gardsplassen



Mur sett frå
gardsplassen.
Detalj av dekke og
inngangsparti.

Foto: Riksantikvaren



Mur og inngang til
gardsplassen sett frå
Kong Oscars gate.

Foto: Riksantikvaren



Detalj mur.



Deltaj dekke,
innfelt
blomsterbed.

Foto: Riksantikvaren



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no



Dronningensgate 13
Postboks 1483 Vika
0116 Oslo

Telefon: 22 94 04 00
E-post: postmottak@ra.no

www.ra.no